

## **Samandrag Vafþrúðnismál / Vavtrudnesmál**

Kvedet brukar ei rammeforteljning for å få formidla mytologisk kunnskap.

1-5. **Rammeforteljning:** Odin spør kona si, Frigg, til råds om han skal fara til jotunen *Vafþrúðnir* ‘han som er sterk i det innfløkte’ og kappast med han i kunnskap. Når Frigg seier at Odin kan mindre enn Vavtrudne, fer han.

6-10. Odin kjem til Vavtrudne, kallar seg *Gagnráðr* ‘den som rår for siger (?)’, og dei avtalar ei kunnskapstevling med livet som innsats (jf. strofe 55). Odin blir ståande på golvet.

### **Rammeforteljning hit.**

11-18. **Odin og Vavtrudne spør kvarandre** og svarar, om korleis universet er innretta: Hestane som dreg dagen og natta over jorda, elva som er grense mellom jotnane og gudane, og kor Ragnarok-slaget skal stå.

19. Vavtrudne får, som ein del av rammeforteljninga, Odin til å setja seg i benken hos han.  
Heretter er det **berre Odin som spør og Vavtrudne som svarar**,

20-43 ...fyrst **om den mytologiske fortida:** Om opphavet til jorda, månen, dagen, vinteren og sommaren, kva gud eller jotun som fyrst kom til, korleis han fekk barn, når det ikkje fanst kvinner, kva som er det fyrste Vavtrudne hugsar, kor vinden kom frå, korleis Njord kom frå vanene til æsene, om dei falne krigarane som slåst og festar hos Odin, korleis Vavtrudne kan veta så mykje, og...

44-53. ...så **om den mytologiske framtida:** Om det finst menneske som overlever fimbulvinteren [før Ragnarok] og kor dei klarer seg, om det blir sol på himmelen etter at Fenrisulven har slukt ho i Ragnarok, kven av æsene som overlever brannen som avsluttar Ragnarok, korleis Odin skal døy i Ragnarok (og noko meir; strofe 48-49 er uforståelege).

54-55. Odin **avsluttar** med å spørja om noko berre han veit: Kva kviskra Odin i øyret på sonen [Balder] då han låg på likbålet? Dermed er vi over i **rammeforteljninga att**. Vavtrudne forstår då at det er Odin han har kappast med, og samtidig at han har vore dødsmerkt (*feigr*) frå dei tok til med kunnskapstevlinga.

Eldar Heide 09.9.2011 / 12.1.2017